

22.06.2022

Kjære medlemmar,

Her kjem ei lita oppdatering før sommerferien .

Styret arbeider med å oversette brosjyrar til ulike språk etter forespørsel frå medlemmane, og dei første er klare: Vi har ein avtale med Trondheim kommune om å bruke fotbrosjyren som dei har utvikla og har endeleg fått den tilpassa med BUF logo til ulike språk, så langt; arabisk, somali og polsk. Fleire vil bli lagt inn fortløpande. Brosjyrane legg tilgjengelege på nettsida til NFF, saman med dei andre brosjyrene til BUF under <https://fysio.no/Forbundsforbundsiden/Organisasjon/Faggrupper/Barne-og-ungdomsfysioterapi> Etter sommaren skal oversettingane av dei andre brosjyrane til BUF vere klare for å leggast ut der også.

I mange år har medlemmane etterspurt kurs for erfarne fysioterapeutar. BUF har no utvikla eit nytt workshopbasert kurs for erfarne fysioterapeutar. Dette vil bli lansert så fort lokale er landa- men planen er at det skal arrangerast i Oslo frå 19-21. oktober!

BUF tilstreber å spre kurs omkring i landet. Det er nokre få plassar ledige på ortopedikurset <https://fysio.no/Forbundsforbundsiden/Kurs/Kurskalender/Ortopedi-for-barn-og-unge-0-18-aar> i Oslo og nokre få ledige plassar til kurset [Fysioterapi for barn og unge med nevrologisk betingede funksjonsnedsettelse - Norsk Fysioterapeutforbund](https://fysio.no/Forbundsforbundsiden/Kurs/Kurskalender/Fysioterapi-for-barn-og-unge-med-nevrologisk-betingede-funksjonsnedsettelse-Norsk-Fysioterapeutforbund) i Trondheim. Vi håper de i region sør-øst, spesielt, grip mulegheiten til å delta på NUBU-kurset i Grimstad i september <https://fysio.no/Forbundsforbundsiden/Kurs/Kurskalender/Nevromotorisk-Undersoekelse-for-barn-og-ungdom-NUBU-fra-4-16-aar2>. Og så samler vi heile landet på felles arena når faggruppa inviterer til **digital fagdag 3. november**, med tema "Perspektiver på relasjon i fysioterapi for barn".

Til sist, gratulerer til Camilla Skagen som ny spesialist i barne- og ungdomsfysioterapi!
<https://fysio.no/Forbundsforbundsiden/Aktuelt/Nyheter/Nye-spesialister-MNFF>

Hald deg fagleg oppdatert på <https://www.barneogungdomsfysioterapi.no>

Riktig god sommar!

På vegne av styret, Ingunn Skogseth-Stevens

Leder av faggruppen for barne- og ungdomsfysioterapi (BUF)

